Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: M & R.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Eid

Emne: Skav. Bygdelag:

Oppskr. av: Kristian Juel Johansen Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Skav har vore nytta mykje i bygda her i tidlegare tid. I siste krigsåra vart det og nytta på einskilde gardar som hjelpefor.

Alle lauvtreslag, undtatt bjørk, har ein nytta til skav. Raun og selje vart haldne for dei gjevaste. Ore nytta ein og, men då laut ein slå over heitt vatn. Furu har vore nytta til sau. Dei gnog då borken av greinene sjølve.

Skav gav ein helst til ku og sau, (hest kjenner ein ikkje til), og det vart gjeve for seg sjølv og då helst om våren. Elles var skav som for godt omtykt slik at ein kunde gjeva det heile vinteren, såsant ein berre hadde tilgang til det.

Fekk kyrne skav, mjølka dei noko meire. Vidare var det meint at dei ikkje so lett fekk „husmannssjuka". Skav av hegg laut ein vera vår med, då det lett

vart ūsmak på mjölka.

Skulde det vera mòko ved skav, måtte han vera frisk, og han vart tillaga etterkvart. Det er döme på at han har vore hauka i hönsematen.

Den vanlege „amboden" til å skava kunne tjeppen var tollekniv. Til grövre stranger vart nytta bandkniv, eller skavkniv, laga av ein gamal ljå, benda i vinkel i båe ender og påsett skaft. Bandkniv var ikkje so godt omtykt, då han tok med vel mykje av veden.

Skavinga vart gjort anten på låven eller i „stauå" (stova). Det måtte vera reint undelag. Å skava små ved var sittande årbeid og tollekniven vart nytta på vanleg måte. Stranger vart röyst attåt ein vegg, og ein nytta skavkniven med eine handa, og smidde vyrket med den andre. (Sjölv har eg nytta denne måten til hesjeved: Stauen mellom knea og röyst til ein vegg, nytta ein vanleg sigd med båe hender ovanfrå og ned.)

All soskaven ved vert nytta som vanleg ved.

å skava { skavar skava skava
{ skjev skov skave

1601

1601

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING